



KYSTVERKET

STIM kunnskapstjenester

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
	2023/3818-2		Turid Susort Jansen	04.09.2023

## Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - etablering av forflåte på lokalitet 13704 Vikane i Austfjorden - Masfjorden kommune - Vestland fylke

Vi syner til høyringsbrev frå Stim AS datert 24.8.2023, vedkomande søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av fôrflåte ved lokalitet 13704 Vikane i Masfjorden kommune.

Det vert opplyst at etter at merknadane er gjennomgått og eventuelt kommentert av STIM/Blom Fiskeoppdrett AS skal saka sendast til Masfjorden kommune for handsaming. Masfjorden kommune gjer endeleg vedtak i saka etter plan- og bygningslova.

### Kort om Kystverket sitt ansvar

Kystverket er ein nasjonal transportetat som syrgjer for sikker og effektiv ferdsel i farleier langs kysten og inn til hamner og syrgjer for ein nasjonal beredskap mot akutt forureining. Etaten er eit forvaltingsorgan under Nærings- og fiskeridepartementet.

Kystverket arbeidar for å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatn, samstundes som det skal takast omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv.

### Kystverket sine merknader


Det er kommunen som er planmynde og har ansvar for plansaker, inkludert høyringar.

Kystverket mottok den 3.2.2023 søknad om flytting og endring av anleggskonfigurasjon på lokalitet Vikane i Masfjorden kommune. I søknaden av 3.2.2023 er fôrflåten plassert nordaust for anlegget, mellom anlegget og land. Masfjorden kommune ønsker å endre plasseringa til omsøkt fôrflåte for å få lengre avstand mellom anlegg og busetnad på land. Det er nå ønske om å flytte omsøkt fôrflåte nordvest for eksisterande anlegg. Endringa medfører at fôrflåten kjem inn i areal avsett til fiske i gjeldande kommuneplan og ein søker difor om dispensasjon for ny plassering av fôrflåten.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



Masfjorden kommune er med i samarbeidet med interkommunalplan for sjøområda i Nordhordland. Kystverket syner til vår fråsegn datert 15.12.2022 der akvakulturområdet ved Vikane vert omtalt.

*«I Austfjorden har det i møter blitt informert om planar om omstrukturering av akvakulturlokalitetane, med ønske om å samle fleire små lokalitetar på færre med større lokalitetar. Det blir i planskildringa skissert to alternativ til omstrukturering.*

*➤ Alternativ 1 er utviding av lokalitet 10086 Rekevika (referanse 4631-133-1). Dette alternativet kjem i direkte konflikt med kvit sektor frå Kråka lykt.*

*➤ Alternativ 2 er utviding av lokalitet 13704 Vikane (referanse 4631/4634-133-2). Også alternativ 2 ser ut til å kome ut i kvit sektor, men i mindre grad.*

*I utgangspunkt er det ikkje tillate å ligge i kvit sektor. Eit tiltak krev dispensasjon frå hamne- og farvasslova til å liggja i kvit sektor.*

*Akvakulturområda i Austfjorden ligg utanfor hovud- og bilei, men Kråka lykt har funksjon som navigasjonsrettleiing for innsegling til Austfjorden og Masfjorden. Fyrlykta er den einaste navigasjonsinnretninga med lys for fritidsbåtar inne i Austfjorden/Hindenesfjorden og lykta kan ikkje erstattast av annan type merking.*

*Det er lite skipstrafikk inn Austfjorden, og hovudtyngda av trafikken er knytt til akvakulturverksemdene og fritidsfartøy. Kystverket kan vurdere å gi dispensasjon til akvakulturanlegg her sjølv om anlegget kjem kloss i fyrlykta såframt anlegget ikkje skjermar for lyset frå fyrlykta. Kystverket vil sette krav om maksimal høgde på tiltaket, som til dømes forflåten. Lyshøgda frå Kråka fyrlykt er på ca. 8m. Det vil bli stilt krav om at tiltak ikkje kan vere høgare enn 5 m (eller mindre) ved HAT i kvit sektor i ein eventuell søknad om dispensasjon frå havne- og farvannsloven §10 fjerde ledd bokstav C angående skjerming av navigasjonsinnretning.»*

Kystverket gjer merksam på at tiltaket er avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14.

Kystverket har vurdert at endringa er i tråd med interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. Vi syner til våre merknadar til interkommunalplan for sjøområda i Nordhordland, datert 15.12.2022, har ikkje merknadar til at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i gjeldande plan.

Med helsing

Ruben Vian Alseth  
fung. avdelingsleiar

Turid Susort Jansen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Masfjorden kommune  
Region Nordhordland IKS

Austfjordvegen 2724

5981  
5914

MASFJORDNES  
ISDALSTØ